

Notat

Dato: 20.04.2015

Saksnr.: 15/1959

HØYRINGSNOTAT - FORSLAG TIL ERIC-LOV**Innhold**

1.	Innleiing	2
2.	Samarbeid om forskingsinfrastruktur	3
3.	ERIC som organisasjonsform.....	5
3.1	Innhaldet i ERIC-forordninga	5
3.2	Gjennomføring i andre land	6
3.3	Generelt om regulering	7
3.3.1	Gjennomføringsmåte	7
3.3.2	Særpreg ved ERIC-organisasjonsforma	7
3.4	Behov for nasjonale tilleggsreglar for drift.....	7
3.4.1	Ansvar og kapitalkrav.....	8
3.4.2	Stifting, medlemmer og vedtekter.....	8
3.4.3	Registreringsplikt i Noreg.....	9
3.4.4	Omdanning, flytting og avvikling	10
3.4.5	Krav til årsrekneskap og revisjon.....	10
3.4.6	Arbeidstakars medverknad i styrande organ.....	11
3.4.7	Skatteplikt	11
3.5	Avgiftsfritak	11
3.6	Regelverket for offentlig innkjøp.....	12
3.7	Tilhøve til forvaltningslova og offentliglova.....	12
3.8	Særleg om omdanning/overføring av CESSDA AS til CESSDA ERIC	12
4.	Økonomiske og administrative konsekvensar	13
5.	Lovforslag	13

1. INNLEIING

Høyringsnotatet inneheld forslag til lovregulering av ERIC-organisasjonsforma. Lovforslaget er eit ledd i gjennomføringa av ERIC-forordninga.

Forordninga vart bindande for Noreg ved EØS-komiteens vedtak nr. 72/2015 av 20. mars 2015 om innlemming av forordning (EF) nr. 723/2009 om Fellesskapets rettslige ramme for et konsortium for en europeisk forskingsinfrastruktur (ERIC-konsortium), i EØS-avtalens protokoll 31. I Prop. 80 S.(2014-2015)¹ (heretter kalla samtykkeproposisjonen) som vart lagt fram 27. mars, er Stortinget bedt om å samtykke til godkjenning av EØS-komiteens vedtak.

Innlemminga av forordninga sikrar eit rettsleg rammeverk for norsk deltaking i det europeiske forskingsinfrastruktursamarbeidet, på lik linje med dei andre statane som deltek i EUs rammeprogram for forskning (noverande program er *Horisont 2020*)². Europeiske forskingsinfrastrukturar er og vil bli etablert i mange land i Europa, og mange av desse brukar eller vil ta i bruk ERIC som organisasjonsform. For å kunne bruke ERIC-forma også i Noreg, så treng vi nasjonal lovgiving.

Forordninga etablerer ein ny type organisasjonsform, som skal vere eit alternativ til det tunge instrumentet internasjonal organisasjon etablert ved traktat. Dette vil vere ei nyskaping også i norsk rett. Eit ERIC skal vere eit eige rettssubjekt med rettsleg handleevne. Eit viktig kjenneteikn er at den er sterk knytt til det offentlege. Det skal berre brukast for offentleg initierte og eigde, felleseuropeiske forskingsinfrastrukturar. Medlemmene i eit ERIC er i all hovudsak statar, og det er Noreg som stat som vil vere norsk medlem. Eit ERIC i Noreg vil bli oppretta etter søknad frå Noreg, den norske finansieringa vil kome frå offentlege midlar og det skal vere eit verkty i den offentlege forskingspolitikken.

Spørsmål om innmelding i ERIC etablert i andre land og om etablering av ERIC i Noreg vil bli behandla av ansvarleg fagdepartement i samråd med Kunnskapsdepartementet, basert på vurderingar av den vitskaplege nytten av samarbeidet. Sakene vil bli lagt fram for Stortinget i dei tilfella det er behov for det, m.a. av budsjettgrunnar.

Kunnskapsdepartementet ønskjer å tilby bruk av ERIC-forma for organisering av – for tida – to felleseuropeiske infrastruktursamarbeid der Noreg har tilbode vertskap. Bruk av ERIC-forma vil lette samarbeidet mellom Noreg og EU-statar. Norske forskingsinstitusjonar og Noregs forskingsråd legg stor vekt på at norske deltakarar i samarbeidet blir gitt same rammevilkår som samarbeidspartane våre, og også muligheit til å posisjonere Noreg som vertsstat for felleseuropeisk forskingsinfrastruktur. Det å kunne tilby vertskap for infrastruktur er viktig for å vere ein fullverdig partner og bidragsytar til samarbeidet.

¹ Prop. 80 S (2014-2015) Samtykke til godkjenning av EØS-komiteens beslutning nr. 72/2015 av 20. mars 2015 om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EF) nr. 723/2009 om Fellesskapets rettslige ramme for et konsortium for en europeisk forskningsinfrastruktur (ERIC-konsortium)

² Sjå omtale bl.a. i Prop. 51 S (2013-2014) Samtykke til deltakelse i en beslutning i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtalen av forordning (EU) nr. 1291/2013 om opprettelse av Horisont 2020 – rammeprogrammet for forskning og innovasjon (2014–2020)

Kunnskapsdepartementet foreslår at det blir vedteke ei eiga ERIC-lov. Lovstrukturmessig er det ikkje heldig med slike små lover. På den andre sida er det ikkje bra å leggje saman lover som ikkje har noko felles. Vi har i dag ikkje noko generell ”organisasjonslov”, heller ikkje noko ”forskningslov”. Organisasjonsforma ERIC kan, fordi den har medlemmer og ikkje eigarar, kanskje best samanliknast med samvirke. Det skal arbeide til beste for medlemmene. Men eit ERIC har ikkje eit økonomisk føremål. Den sterke tilknytninga til det offentlege er ein vesentleg forskjell frå samvirka. Det er ikkje naturleg å regulera ERIC i same lov som samvirke. Etter Kunnskapsdepartementets vurdering må dette derfor bli ei eiga lov.

2. SAMARBEID OM FORSKINGSINFRASTRUKTUR

Eit viktig bakteppe for Kunnskapsdepartementet sitt forslag til ERIC-lov er å finne i det forskingspolitiske arbeidet med etablering og drift av felles europeisk forskingsinfrastruktur. Det er orientert om dette i samtykkeproposisjonen. Dette er nyttig bakgrunnsinformasjon også for høyringsinstansane, og vi siterer derfor her kap 2 og 3 i samtykkeproposisjonen:

”2. Generelt om norsk deltakelse i samarbeidet om felles europeisk forskingsinfrastrukturer

Samarbeidet om storskala forskningsinfrastrukturer er en viktig del av det europeiske forskningssamarbeidet som Norge deltar i gjennom deltakelse i EUs rammeprogram for forskning og innovasjon (Horisont 2020) og det europeiske forskningsområdet (ERA). Slikt samarbeid er viktig for å styrke innsatsen og bedre ressursutnyttelsen i europeisk forskning. Dette gir Norge tilgang til internasjonalt avansert og kostbart utstyr.

Forskningsinfrastruktur er en betegnelse på utstyr og tjenester til bruk for forskning, som bl.a. vitenskapelige databaser og samlinger, elektronisk infrastruktur som høyhastighetsnettverk og større forskningsfasiliteter som laboratorier eller stråleanlegg.

ERIC-forordningen etablerer et rammeverk for eierskap og drift av de felleseuropeiske forskningsinfrastrukturene. Hensikten er å gjøre det enklere å etablere nye forskningsinfrastrukturer av felleseuropeisk interesse, primært basert på et veikart for slik infrastruktur fra Det europeiske strategiforum for forskningsinfrastruktur (European Strategy Forum on Research Infrastructures, (ESFRI). ESFRI ble etablert i 2002 som et rådgivende forum for forskningsinfrastruktur i EU, og har deltakere fra medlemsstater i EU og fra assosierte stater til EUs rammeprogram for forskning. Norge er medlem i ESFRI. Veikartet ble utviklet i 2006, og oppdatert senest i 2010.

Selv i et Europa preget av økonomisk krise, prioriteres forskningsinfrastruktur både på nasjonalt og europeisk nivå. Dette er ikke minst fordi europeisk samarbeid om forskningsinfrastrukturer vurderes å være av felles interesse med avgjørende betydning for å kunne møte store samfunnsutfordringer. Felles prosjekter gjør det mulig å realisere infrastruktur som den enkelte stat ikke har ressurser til alene.

Norske forskere har gjennom mange tiår deltatt aktivt i internasjonale forskningsinfrastrukturer som har en annen organisasjonsform enn ERIC, for eksempel CERN, EMBL og ESRF³. Etableringen av disse og tilsvarende forskningsinfrastrukturer var svært

³ CERN: Den europeiske organisasjonen for kjernefysisk forskning. EMBL: Det europeiske laboratorium for molekylærbiologi. ESRF: Det europeiske synkrotronstråleanlegg.

krevende. ERIC-rammeverket (ERIC som organisasjonsform) er som nevnt opprettet for å forenkle etableringen av felles infrastrukturer over landegrensene, noe som har blitt enda mer aktuelt og nødvendig når de europeiske stater nå styrker sitt samarbeid for å oppnå best mulig resultater fra sitt forsknings- og innovasjonsarbeid.

Norske forskningsmiljøer deltar i utvikling av rundt 25 felles europeiske forskningsinfrastrukturer i regi av ESFRI. Mange av disse er etablert eller er under etablering med ERIC som organisasjonsform. Norge er i dag observatør i fire ERICer⁴.

Det største av ESFRI-prosjektene Norge deltar i, European Spallation Source (ESS) i Lund, vil bli verdens ledende forskningsinfrastruktur for bruk av nøytroner i forskning. Forenklet kan det sammenliknes med et svært sterkt mikroskop som kan fortelle oss om materialers indre strukturer. Dette vil få betydning for så ulike fagområder som medisin, energiteknologi, grunnleggende fysikk og arkeologi. ESS i Lund er foreløpig organisert som et svensk AS, men skal etter planen bli etablert som ERIC i løpet av sommeren 2015. Norge har vedtatt å bidra med 2,5 pst. av de totale konstruksjonskostnadene; rundt 400 mill. norske kroner. Det er satt av midler over Kunnskapsdepartementets budsjett under den nasjonale infrastrukturordningen som forvaltes av Norges forskningsråd. Norge deltar aktivt i arbeidet, og er en viktig samarbeidspartner for vertslandene Sverige og Danmark. Både investeringens størrelse og fagområdet gjør det viktig for Norge å kunne være medlem av dette ERICet.

3. Særlig om bruk av ERIC-organisasjonsformen i Norge

Norge har tilbudt vertskap for tre europeiske forskningsinfrastrukturer, og det er sterkt ønskelig å kunne bruke ERIC som organisasjonsform for to av disse: CESSDA⁵ og ECCSEL⁶. Det tredje, SIOS⁷, planlegges etablert på Svalbard med en rekke stater utenfor EØS som medlemmer. Det er ikke aktuelt å bruke ERIC som organisasjonsform for dette samarbeidet. Alle tre er såkalte distribuerte forskningsinfrastrukturer, det vil si at de skal tilrettelegge for samarbeid og felles utnyttelse av nasjonale noder (nasjonalt eid utstyr, arkiver osv). Bruk av ERIC-formen vil imøtekomme ønsker og forventninger fra samarbeidsstatene og vesentlig forenkle samarbeidet.

Forskningsinfrastrukturen CESSDA (samarbeid om samfunnsvitenskaplige databaser) ble etablert i Bergen i juni 2013 med et norsk aksjeselskap eid av Kunnskapsdepartementet som juridisk enhet. Norsk deltaker i samarbeidet er Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS. Samarbeidet (p.t. mellom 14 stater) er basert på en Memorandum of Understanding og en uformell samarbeidsorganisasjon. Deltakerstatene ønsker å omdanne CESSDA til et ERIC så snart det er mulig. Dersom Norge ikke kan tilby bruk av ERIC som organisasjonsform, kan det bli en diskusjon om å flytte hovedsetet for CESSDA til en EU-stat slik at ERIC-formen kan benyttes.

⁴ Disse fire er: BBMRI-ERIC (biobanksamarbeid), CLARIN-ERIC (samarbeid om språkdata), ESS ERIC (European Social Survey, samfunnsvitenskapelig, komparativ spørreundersøkelse) og EuroArgo ERIC (samarbeid om havbøyer)

⁵ CESSDA: Consortium of European Social Science Data Archives

⁶ ECCSEL: European Carbon Dioxide Capture and Storage Laboratory Infrastructure

⁷ SIOS: Svalbard Integrated Arctic Earth Observing System

Norge er vertsstat for et prosjekt for etablering av forskningsinfrastruktursamarbeidet ECCSEL (samarbeid om karbonfangst og -lagring, faglig under Olje- og energidepartementet og med Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet og SINTEF som norske deltakere). Forprosjektet er nettopp avsluttet, med en tilråding om å etablere ECCSEL med base i Trondheim, organisert som et ERIC. Det er bredt europeisk engasjement også bak dette initiativet. Tilsvarende som for CESSDA kan det bli en diskusjon om å flytte hovedsetet for ECCSEL til en EU-stat dersom Norge ikke kan tilby bruk av ERIC som organisasjonsform.”

3. ERIC SOM ORGANISASJONSFORM

3.1 Innholdet i ERIC-forordninga

ERIC-forordninga etablerer eit juridisk rammeverk for organisering av felles forskningsinfrastruktur, ERIC-konsortium. Målsettinga med ERIC-forordninga er at det skal bli enklare å etablere og drifte forskningsinfrastruktur på europeisk nivå.

I samtykkeproposisjonen er innholdet i forordninga beskrive slik:

”Forordningen spesifiserer innholdet i et ERIC, og hvilke forutsetninger som må være oppfylt for at en forskningsinfrastruktur skal kunne få en slik status. Dette omfatter organisasjon og vedtekter, søknadsprosedyre og klagemuligheter. Et ERIC må ha minimum tre EU-medlemsstater/assosierte stater til EUs rammeprogram for forskning som medlemmer. ERICer kan ha sete i EU-medlemsstater eller i assosierte stater. Det er de enkelte stater som formelt er medlemmer i et ERIC. Forordningens system er ellers at det er den enkelte vertsstats lover som skal regulere selskapets aktivitet og forordningen har lite detaljerte regler knyttet til drift.

Av artikkel 1 fremgår det at forordningen fastsetter en rettslig ramme for kravene til, fremgangsmåtene for og virkningene av opprettelse av et konsortium.

Artikkel 2 definerer innholdet i visse begreper brukt i forordningen. Artikkel 3 og 4 fastslår de faglige aktivitetene og krav til forskningsinfrastrukturene. Etter artikkel 3 nr. 2 skal et ERIC utføre sin hovedoppgave på et ikke-økonomisk grunnlag, men kan drive begrenset økonomisk virksomhet. Artikkel 5 og 6 angir prosedyrene for søknad og søknadsbehandling for et ERIC. Av artikkel 5 fremgår det at en søknad om etablering av et ERIC sendes Kommisjonen. Et ERIC opprettes formelt gjennom vedtak i Kommisjonen.

Etter artikkel 5 nr. 1 d) skal et ERIC ha status på linje med et internasjonalt organ i henhold til artikkel 143 bokstav g) og artikkel 151 nr. 1 bokstav b) i direktiv 2006/112/EF om merverdiavgift, og som internasjonal organisasjon i henhold til artikkel 23 nr. 1 annet strekpunkt i direktiv 92/12/EØF om særavgifter. Sistnevnte direktiv er erstattet av direktiv 2008/118/EC, der relevant henvisning er artikkel 12 bokstav b). Dette innebærer at et ERIC på visse vilkår kan ha rett til fritak for merverdiavgift og særavgifter. Dette gjelder særavgifter på alkohol/alkoholholdige drikkevarer, tobakksvarer og energiprodukter/elektrisitet.

Nærmere regler om omfang, grenser og vilkår for avgiftsfritak skal fastsettes i avtaler mellom medlemmene i hvert enkelt ERIC, innenfor de rammer som forordningene og EU-regelverket generelt oppstiller. Dette innebærer bl.a. at fritak bare kan gjelde for varer og tjenester som er nødvendige for å oppnå formålet til ERICet. Anskaffelsen må være foretatt av ERICet selv eller av medlemmene. Avgiftsfritaket kan ikke gjelde for en ev. økonomisk virksomhet drevet av ERICet. Avgiftsfritak kan gjennomføres som en refusjonsordning.

Av artikkel 7 fremgår et ERICs rettslige status. Et ERIC skal være et selvstendig rettssubjekt med full rettslig handlingsevne. Et ERIC skal ha status på linje med en internasjonal organisasjon med hensyn til direktiv om offentlige anskaffelser. Dette innebærer at et ERIC har unntak fra direktiv om offentlige anskaffelser. Et ERIC skal etter artikkel 8 ha sitt sete i vertsstaten.

Etter artikkel 9 kan alle stater og internasjonale organisasjoner bli medlemmer i et ERIC. Det må være minst 3 medlemmer som er EU-medlemsstater eller assosierte stater til EUs rammeprogram for forskning og innovasjon, og minst ett må være EU-medlem. Medlemsstater og assosierte stater skal alltid ha majoriteten av stemmene i konsortiets medlemsforsamling. Assosierte stater er definert i artikkel 2, og er i hovedsak stater som deltar i EUs rammeprogram for forskning (nåværende program er Horisont 2020⁸), gjennom egne assosieringsavtaler. Etter artikkel 9 nr. 6 må assosierte stater og tredjestater bl.a. samtykke i å behandle ERICet på tilsvarende måte som det som følger av artikkel 5 nr. 1 d) om avgifter, ved søknad om opprettelse eller medlemskap.

Artikkel 10 bestemmer at det skal fastsettes vedtekter for hvert ERIC. Artikkel 11-14 har bestemmelser om regnskap, revisjon, ansvar og prinsipper m.v.

Av artikkel 15 fremgår det at et ERIC er underlagt både nasjonal rett i den staten det er etablert og EU-rett. EU-domstolen er gitt kompetanse til å dømme i eventuelle tvister som gjelder et ERIC mellom medlemmene i et ERIC, mellom medlemmene og det aktuelle ERIC og i tvister hvor Kommisjonen er part. Dersom tvisten gjelder et ERIC og en tredjepart, vil de nasjonale domstolene i den stat der ERIC har hovedsete ha kompetanse.

Artikkel 16 inneholder regler om avvikling og insolvens. Artikkel 17 setter krav til rapportering til Kommisjonen.

Forordningen ble endret i desember 2013 (forordning (EU) nr. 1261/2013). Gjennom endringer i artikkel 9 nr. 2 og nr. 3 fikk assosierte stater samme medlemsstatus/stemmerettigheter som EU-medlemsstatene, i de enkelte ERICer. ”

3.2 Gjennomføring i andre land

Ei EU-forordning har direkte verknad i EU-landa, det vil seie at den gjeld på linje med nasjonale lover. ERIC-forordninga slår dette fast i artikkel 21, andre ledd. Fleire land har likevel sett behov for å regulere særrområde, særleg knytt til avgiftsfritaka.

⁸ Forordning (EU) nr. 1291/2013 om opprettelse av Horisont 2020 – rammeprogrammet for forskning og innovasjon (2014-2020), artikkel 7 *Assosiering av tredjeland.*, som omtalt i Prop. 51 S (2013-2014).

Sverige er i ferd med å etablere eit ERIC. Dei har gjort tilpassingar i rekneskaps-, revisjons-, og skattelovgivinga, primært for å få på plass avgiftsfritaka. Det kan seinare bli aktuelt med justeringar i regelverket for juridiske personar. Danmark har for tida ikkje planar om å etablere ERIC, og har derfor ikkje vurdert behov for eventuelle tilpassingar.

3.3 Generelt om regulering

3.3.1 Gjennomføringsmåte

EU-forordningar må gjennomførast etter sin ordlyd, og som hovudregel ved inkorporasjon. Derfor blir det i utkastet til § 1 slått fast at ERIC-forordninga, med endringa frå 2013, gjeld som lov. Sjølve forordninga blir derfor ikkje tatt inn i lova.

3.3.2 Særpreg ved ERIC-organisasjonsforma

Eit ERIC er ei nyskaping i norsk og europeisk rett. Til no er det etablert 10 ERIC⁹, den første vart oppretta i 2011. Forordninga er meint å etablere rammeverket for ei fleksibel og anerkjend juridisk organisasjonsform, basert på europeisk regelverk men med utfyllande nasjonale reglar i vertslandet. Dette set krav om godt samspel og også fleksibilitet mellom forordninga og det nasjonale regelverket. Reguleringsforma krev også at vedtektene for det ein skilde ERICet har høg kvalitet. Det nærare innhaldet i og tolkinga av ERIC-forordninga og bruken av denne organisasjonsforma vil bli utvikla gjennom praksis, først og fremst av Kommisjonen i samarbeid med forvaltningskomiteen (forordninga artikkel 20).

Forordninga gir eit rammeverk, som skal utfyllast med den enkelte vertstat sine regelverk. Forordninga har lite detaljerte reglar knytte til drift. Eit ERIC har følgjande særpreg:

- Ikkje økonomisk vinning som formål
- Hovudsakleg ikkje-økonomisk aktivitet
- Samarbeid mellom statar
- Kommisjonen er gitt ei sterkt rolle ved etablering og nedlegging, og som kontrollinstans

Fortalen til forordninga pkt 22, slår fast at ein stat fritt kan bruke eller vedta lover og forskrifter som ikkje strir mot verkeområdet eller måla for forordninga. Vidare skal ERICa etter artikkel 7 nr 2 ha ”*den mest omfattende rettslige handleevnen som tildeles rettssubjekter i henhold til lovgivningen i medlemsstaten.*” Dette set visse avgrensingar i kva nasjonale reglar som kan givast for eit ERIC.

3.4 Behov for nasjonale tilleggsreglar for drift

Departementet drøftar her dei hovudområda som det er vanleg å regulere for ulike organisasjonsformer. Med utgangspunkt i teksten i forordninga drøftar vi om og eventuelt kva, særreglar det kan vere behov for i ERIC-lova.

Gjennomgangen viser at det er lite behov for særreglar. Det kan likevel vise seg å vere behov for avklaringar, særleg i forholdet mellom ERIC-forordninga og særlovgivinga.

⁹Oversikt ligg på http://ec.europa.eu/research/infrastructures/index_en.cfm?pg=eric

Kunnskapsdepartementet vil derfor foreslå at departementet får heimel til å gi utfyllande reglar i forskrift. Eventuelle særreglar må ligge innanfor ERIC-forordninga sine rammer.

3.4.1 Ansvar og kapitalkrav

Forordninga har som utgangspunkt at eit ERIC har avgrensa ansvar, dvs at medlemmene sitt ansvar er avgrensa til deira respektive bidrag til konsortiet, slik det er nedfelt i vedtekter eller andre vedtak i ERICet, jf. artikkel 14 nr 1 og 2. Medlemmene kan i vedtektene ta på seg utvida ansvar, medrekna uavgrensa ansvar. For dei ERICa som det i dag er aktuelt å etablere i Noreg vil vedtektene slå fast eit avgrensa ansvar for medlemmene.

Forordninga set ikkje krav til eigenkapital i eit ERIC. Artikkel 13 nr. 1 slår fast som prinsipp at budsjetta skal vere i balanse. Ansvar for å sikre dette ligg på medlemmene. Kommisjonen legg stor vekt på realistiske planar for drift og økonomi når dei vurderer søknad om oppretting av eit ERIC. ERICa er etter artikkel 17 underlagt kontroll frå Kommisjonen, både på fagleg drift og økonomi. Alvorleg brot på for eksempel budsjetteringsprinsippa kan etter artikkel 17 nr. 5 føre til at ERICet blir avvikla. Det vil truleg vere i strid med forordninga å fastsetja kapitalkrav for ERICar i Noreg.

Etter forordninga artikkel 14 nr. 3 skal eit ERIC med avgrensa ansvar for medlemmene teikna forsikringar for å dekke risikoar knytt til drifta.

Konklusjon: Det er ikkje behov for særreglar.

3.4.2 Stifting, medlemmer og vedtekter

Stiftingsprosessen

Det er Kommisjonen som etter forordninga artikkel 6 har kompetanse til å opprette ERIC, etter søknad frå medlemmene representert ved den medlemmen som er vertsland. Innhaldet i søknaden er regulert i artikkel 5. Stiftingsdato er den dagen Kommisjonsvedtaket er sett i kraft (til vanleg 3 dagar etter kunngjering i EU-tidende).

Medlemmer

Etter forordninga artikkel 9 nr. 1 er det berre statar og mellomstatlege organisasjonar som kan bli medlemmer i eit ERIC, og eit ERIC må ha minst tre medlemmer. Stemmeretten mellom desse skal fastsetjast i vedtektene. Så langt er det i hovudsak avtalt ei stemme per medlem, også for dei to ERICa som er planlagde i Noreg.

Vedtekter

Forordninga artikkel 10 set minstekrav til innhaldet i vedtektene. I tillegg til godkjenning frå alle medlemmene (som i all hovudsak er statar), skal dei godkjennast av Kommisjonen ved vurdering av søknad om oppretting. Praksis viser at Kommisjonen legg stor vekt på kvalitet i vedtektene. Etter artikkel 11 skal Kommisjonen godkjenne alle vesentlege endringar i vedtektene.

Vedtektene skal fastsetje kva som er arbeidsspråket/-språka til ERICet. Så langt har alle ERIC engelsk som arbeidsspråk. Vedtektene blir som regel utarbeidde på engelsk. Dei inngår i Kommisjonens vedtak om oppretting av eit ERIC, og dei blir då omsett til alle offisielle EU-språk.

Ved registrering av einingar i Einingsregisteret/Foretaksregisteret vert det kravd at sentrale stiftingsdokument som vedtekter skal registrerast i norsk språkform. Det er rimeleg at dette også gjeld for ERICar. For sjølve vedtaket om oppretting som Kommisjonen utferdigar må det vere nok at det ligg føre på engelsk og dansk. Protokollar frå dei organa som vel styre osv må kunne vere på engelsk.

Selskapsorgan

Forordninga artikkel 12 set minstekrav til kva organ eit ERIC etter vedtektene skal ha.

Konklusjon: Det er ikkje behov for særreglar. Ved behov kan språkkrava presiserast i forskrift.

3.4.3 Registreringsplikt i Noreg

Einingsregisteret

Eit ERIC vil ha plikt til å registrere seg i Einingsregisteret etter einingsregisterlova § 4 første ledd bokstav b), så snart det skal registrerast i eit av dei tilknytte registra. Mest aktuelt er Arbeidsgivarregisteret, Meirverdiavgiftsregisteret og eventuelt Foretaksregisteret.

Registrering i Einingsregisteret er nødvendig for å få tildelt organisasjonsnummer. I mange samanhengar vil det vere behov for at eit ERIC identifiserer seg med organisasjonsnummer (m.a. krav frå bankar og ei rekkje andre). I praksis vil det derfor vere krav om at eit ERIC blir registrert i Einingsregisteret så snart det er etablert.

Foretaksregisteret

Dei fleste foretak med avgrensa ansvar er i dag pålagt registrering også i Foretaksregisteret. Alle aksjeselskap og samvirkeforetak er pålagt registrering i Foretaksregisteret, medan stiftingar – som også har avgrensa ansvar - er det berre dersom dei driv næringsverksemd. Gjennom denne registreringa blir det gjennomført ein viss offentleg kontroll av vedtekter, av vedtak i organisasjonen, opplysningar om styre og dagleg leiar blir kunngjort o.a. Det er vidare plikt til å registrere endringar i vedtekter, styre o.a.

Etter Kunnskapsdepartementet er det rimeleg at også ERICar skal registrerast i Foretaksregisteret. Dette kan gjerast ved å fastsetje registreringsplikt i Foretaksregisteret i ERIC-lova, slik at dei kjem inn under foretaksregisterlova § 2-1 første ledd nr. 12 *Foretak som i særlovgivningen er pålagt registreringsplikt*.

Organisasjonsnamn

Organisasjonsnamnet for eit ERIC-konsortium skal etter forordninga artikkel 8 nr. 2 ha med forkortinga "ERIC". Det er derfor ikkje behov for særreglar i foretaksnamelova. Det er vidare truleg lite fare for at selskapsforma ERIC blir tatt i bruk av andre. Dersom det skulle skje, så kan Foretaksregisteret med grunnlag i foretaksnamelova § 2-3 nekte slik namnebruk fordi det vil kunne vere eigna til å vere villeiande. Vi vurderer det slik at det heller ikkje er behov for å lovfeste at andre organisasjonar/selskap ikkje skal kunne bruke ERIC-forma.

Konklusjon: Departementet foreslår at ERICar blir pålagt registreringsplikt i Foretaksregisteret.

3.4.4 Omdanning, flytting og avvikling

Omdanning

Forordninga har ikkje reglar om fusjonar, fisjonar og liknande for ERIC. Dette er heller ikkje særleg aktuelt. Dersom eit ERIC skulle få større økonomisk aktivitet enn kva som er muleg innanfor forordninga artikkel 3, vil den ev måtte flyttast ut til eit selskap med ei anna organisasjonsform.

Forordninga sitt system er elles at dersom det er aktuelt med omdanning av ERICet til ei anna selskapsform, så må ERICet formelt avviklast i samsvar med forordninga artikkel 16, og så må medlemmene bli einige om å opprette eit anna rettssubjekt.

Flytting

Forordninga seier ikkje noko om flytting av ERIC. Kommisjonen har i eitt tilfelle godkjent ei vedtektsendring i eit ERIC (SHARE ERIC) som gjekk ut på at ERICet vart flytta til eit anna land. Dette var elles planlagt frå medlemmene si side frå ERICet vart etablert. Så lenge ERICa driv verksemd som ikkje er skattepliktig vil flytting vere uproblematisk sett i høve til norsk regelverk. Dei tilsette vil vere omfatta av dei vanlege reglane om stillingsvern.

Avvikling

Etter forordninga artikkel 16 skal reglar for avvikling av eit ERIC fastsetjast i vedtektene. Det er plikt til å underretta Kommisjonen om slikt vedtak innan 10 dagar, som så skal kunngjere det i EU-tidende. På same måte skal ERICet underretta Kommisjonen som så skal kunngjere ei melding om dette, så snart avviklinga er gjennomført (*”fremgangsmåten for avvikling er avsluttet”*). Den sterke offentlege kontrollen med desse (førebels to) organisasjonane i Noreg, av eit norsk departement på vegner av Noreg, av dei andre medlemmene som også er statar og av Kommisjonen) vil i seg sjølv vere med og sikre at det vert gjennomført på ein tilfredsstillande måte, også sett frå kreditorane si side. Det er også vert å merke seg at budsjetteringsreglane i forordninga synes å tilseie at eit ERIC ikkje kan ta opp lån. Dei tilsette er elles verna av dei vanlege stillingsvernreglane.

Gjennomføring av ei avvikling (eller flytting) vil elles vere rimeleg å baserast på reglane som gjeld ved avvikling av selskap som samvirke eller stiftingar. Dette, saman med det svært låge talet på ERICar som til no er føresett i Noreg, gjer at vi ikkje no ser behov for å gi reglar om prosedyrar ved avvikling.

Insolvens

Dersom konsortiet ikkje er i stand til å betale for eiga gjeld, skal Kommisjonen underrettast om dette med ei gong, og dette skal så kunngjerast i EU-tidende. Deretter vil Kommisjonen måtte vurdere tiltak etter artikkel 17, særleg nr. 3 og 4, og eventuelt avvikle ERICet.

Konklusjon: Det er ikkje behov for særreglar.

3.4.5 Krav til årsrekneskap og revisjon

Forordninga artikkel 13 omhandlar budsjettprinsipp, rekneskap og revisjon. Det følgjer av artikkel 13 nr 5 at eit ERIC skal ha rekneskaps- og revisjonsplikt etter gjeldande lovgiving. Dette inneber at eit ERIC er rekneskapspliktig etter rekneskapslova (lov 17. juli 1998 nr. 56 om årsrekneskap m.v.) § 1-2 nr. 12, og vil etter § 3-1 ha plikt til å utarbeide årsrekneskap og

årsmelding. Plikt til offentliggjøring av årsrekneskapen og til innsending til Rekneskapsregisteret følgjer av §§ 8-1 til 8-2. Revisorlova (lov om revisjon og revisorar 15. januar 1999) § 2-1 pålegg alle rekneskapspliktige revisjonsplikt. Så langt departementet kan sjå vil dette gi dei nødvendige reguleringane på dette området.

Konklusjon: Det er ikkje behov for særreglar.

3.4.6 Arbeidstakars medverknad i styrande organ

Dei fleste selskapsformer har i dag ordningar som gir dei tilsette rett til medverknad i styringa av selskapet. Etter aksje- og allmennaksjelovene kan tilsette krevje styrerepresentasjon når selskapet har meir enn 30 tilsette, og dei fleste selskapsformer har tilsvarande reglar, m.a. statsforetak, stiftingar og ansvarlege selskap.

ERIC-forordninga regulerer ikkje spørsmålet om tilsettes medverknad. Systemet er at nasjonal lovgiving skal utfylle forordninga sine reglar. Det er rimeleg å gi tilsette i eit ERIC same rettane som tilsette i samvirkeforetak, sjå lov 29. juni 2007 nr. 81 § 67 (som igjen byggjer på reglane i aksjelova).

Dei to ERICa som til no er planlagde i Noreg vil etter planane ikkje ha slik aktivitet at dei vil kome opp i 30 tilsette.

Konklusjon: Departementet forslår at tilsette blir gitt ein lovfesta rett til medverknad i styrande organ på linje med rettane etter samvirkelova.

3.4.7 Skatteplikt

Eit ERIC vil ha som oppgåve å opprette og drive forskingsinfrastruktur, og skal etter forordninga artikkel 3 nr 2 utføre si hovudoppgåve på eit ikkje-økonomisk grunnlag. Det kan drive avgrensa økonomisk verksemd.

Eit ERIC vil etter dette i utgangspunktet kome inn under fritaket for formues- og inntektsskatt i skatteloven § 2-32 første ledd. Etter praksis vil ein slik skattefri institusjon likevel kunne ta betalt for tenestene sine dersom det er nødvendig for å realisere det ideelle føremålet. Vidare kan ein skattefri institusjon drive ei viss økonomisk (kommersiell) verksemd, men må då betale skatt av denne delen av verksemda, ref. skattelova § 2-32 andre ledd.

Konklusjon: Det er ikkje behov for særreglar.

3.5 Avgiftsfritak

Etter forordninga artikkel 5 nr. 1 d) har eit ERIC på visse vilkår rett til fritak for meirverdiavgift og for særavgifter. Dette gjeld særavgifter på alkohol/alkoholhaldige drikkevarer, tobakksvarer og energiprodukt/elektrisitet. Fritaket er avgrensa til å gjelde varer og tenester som er nødvendige for å oppnå føremålet med ERICet. Omfanget av fritaket skal avklarast i vedtektene til det einskilde ERICet, eller i særskilt avtale mellom medlemmene.

Dei naudsynte heimlane for avgiftsfritak vil bli ivaretatt i skatte- og avgiftsregelverket. Fritaka vil bli gjennomført som ei refusjonsordning. Meirverdiavgiftslova § 10-3 gir i dag

heimel for fritak for inngående meirverdiavgift for varer og tenester for internasjonale organisasjonar, og eit ERIC vil kome inn under dette. Fritaket må gjennomførast ved særskilt regulering i forskrift eller i enkeltvedtak. Fritak for meirverdiavgift ved innførsel av varer kan heimlast i meirverdiavgiftslova § 7-2, jf. tolloven § 5-3. Også her er det behov for forskrifts- endring.

Dette vil sikre nødvendige avgiftsfritak (refusjon) for dei to ERICa som så langt er planlagt etablert i Noreg. Det er ikkje relevant med fritak for særavgifter for desse to. Dersom det seinare skulle bli aktuelt å gi særavgiftsfritak for eit framtidig ERIC, vil det bli vurdert som del av spørsmålet om ERICet i det heile skal etablerast, og eventuelt handtert som del av skatte- og avgiftsopplegget i dei årlege budsjettforslaga.

3.6 Regelverket for offentlig innkjøp

ERIC-forordninga artikkel 7 nr. 3 slår fast at ERIC er ein internasjonal organisasjon etter artikkel 15 c) i *direktiv 2004/18/EF om samordning av fremgangsmåtene ved inngåelse av offentlige varekontrakter, offentlige tjenesteytelseskontrakter og offentlige bygge- og anleggskontrakter*. Av dette følgjer at eit ERIC ikkje treng følgje EUs innkjøpsregelverk, dersom det fastset eigne innkjøpsreglar i vedtektene. Desse må vere i samsvar med internasjonale standardar og beste praksis når det gjeld prinsippa om ikkje-diskriminering og konkurranse ("*comply with international standards and good practice*"¹⁰) og ivareta prinsippa om innsyn, likebehandling og konkurranse (artikkel 10 første ledd bokstav (g) vi).

ERIC-forordninga set altså krav til at eit ERIC skal respektera same prinsippa som er nedfelt i den norske lova om offentlege anskaffingar (lov 16. juli 1999 nr. 69). Anskaffingsforskrifta vil ikkje gjelde for ERIC.

3.7 Tilhøve til forvaltningslova og offentleglova

Forvaltningslova vil som hovudregel ikkje gjelde for eit ERIC, då eit ERIC ikkje er eit forvaltningsorgan og det heller ikkje vil ha til oppgåve å treffe enkeltvedtak eller å gi forskrifter.

Av same grunn vil heller ikkje offentleglova gjelde for eit ERIC. Vidare vil den norske staten aldri ha dominerande påverknad – direkte eller indirekte - i det øvste organet i eit ERIC, jf. offentleglova § 2 første ledd. Etter ERIC-forordninga skal eit ERIC ha minst tre medlemmer, og Noreg vil berre ha ei av tre stemmer.

3.8 Særleg om omdanning/overføring av CESSDA AS til CESSDA ERIC

Forskningsinfrastrukturen CESSDA blei etablert i 2013 med eit aksjeselskap eigd av Kunnskapsdepartementet som juridisk eining for samarbeidet mellom dei (for tida) 14 medlemslanda. Kunnskapsdepartementet legg opp til at CESSDA ERIC blir etablert i 2016. All verksemd i CESSDA AS vil bli overført til CESSDA ERIC, og aksjeselskapet vil bli avvikla. Etter departementets vurdering er det ikkje behov for særreglar for denne omdanninga. Selskapet er omfatta av fritaket for formues- og inntektsskatt etter skattelova § 2-32. Dei tilsette sin situasjon vil vere regulert av reglane om verksemdsoverdraging i arbeidsmiljølova.

¹⁰ *Practical Guidelines* frå Kommisjonen 2010 s. 18.

4. ØKONOMISKE OG ADMINISTRATIVE KONSEKVENSNAR

Lovreguleringa vil i seg sjølv ikkje ha særlege økonomiske eller administrative konsekvensar.

Bruk av ERIC-forma vil gi ei viss forenkling av den offentlege, administrative oppfølginga av norsk deltaking i felleseuropeiske forskingsinfrastrukturar. Dei administrative konsekvensane for Brønnøysundregistra ved registrering av ERIC vil bli svært små.

Lova vil ikkje ha konsekvensar for private aktørar.

Økonomiske konsekvensar av faktisk å etablere ERIC i Noreg (medlemsavgifter og vertskapsbidrag, og ev avgiftsfritak) må ein ta stilling til for kvart enkelt ERIC.

5. LOVFORSLAG

Forslag til lov om europeiske forskingsinfrastrukturkonsortium ved gjennomføring av EØS-avtalens protokoll 31 artikkel 1 nr. 12 (forordning (EF) nr. 723/2009) (ERIC-lova)

§ 1 ERIC-forordninga

EØS-avtalen protokoll 31 artikkel 1 nr. 12 (forordning (EF) nr. 723/2009 om Fellesskapets rettslige ramme for et konsortium for en europeisk forskningsinfrastruktur (ERIC-konsortium) og forordning (EU) nr. 1261/2013 om endring av forordning (EF) nr. 723/2009 om Fellesskapets rettslige ramme for et konsortium for en europeisk forskningsinfrastruktur (ERIC-konsortium)) (ERIC-forordninga) gjeld som lov med dei tilpassingar som følgjer av protokoll 31 og avtalen elles.

§ 2 Registrering

Styret pliktar å melde eit ERIC til Foretaksregisteret seinast tre månader etter kunngjering av stiftingsvedtaket.

§ 3 Rett for tilsette til å velje styremedlemmer

I foretak med fleire enn 30 tilsette kan eit fleirtal av dei tilsette krevje at ein styremedlem og ein observatør med varamedlemmer skal veljast av og mellom dei tilsette. Reglane i samvirkeforetakslova § 67 gjeld tilsvarande for tilsette sine rettar etter denne paragrafen.

§ 4 Forskrifter

Departementet kan i forskrift gi nærare reglar for gjennomføring av ERIC-forordninga og om tilhøvet til anna lovgiving.

§ 5 Ikraftsetjing

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.